06/26 **Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.**

Stad: **Kyrkjelydshuset.**

Tid: **Torsdag 15.10.** **kl.19.00-21.00**

Desse møtte: Gunnar Helle (sak 38/26), Arne Gjerstad (sak 38/26), Margun M. Tordal, Jorunn B. Lillefosse, Lillian H. Fosse, Tor-Håkon Berge, Lenie Hoogerbrugge, Renate B. Nernes.

Forfall: Kjell J. Hoff, Vetle K. Eide

Lenie hadde ord for dagen med utgangspunkt i Jesaja 41.10.

Sak 38/26: **Orientering om økonomiske resultat etter kyrkjejubileet v/G.Helle.**

Soknerådet var spent på korleis me kom ut økonomisk etter kyrkjejubileet. Gunnar Helle kunne meddela at me sit at med eit overskot på kr. 64.240,-, det må seiast å vera bra.

Vedtak: Framlagde resultat blir teke til vitande.

Sak 39/26: **Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 10.09.26.**

Vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 10.09.26 blir godkjent.

Sak 40/26: **Meldingar.**

Vedtak: Framlagde meldingar blir tekne til vitande.

Sak 41/26: **Aktivitetsliste for trusopplæring.**

Vedtak: Me har ikkje fått utlevert sakspapir, så denne saka må takast opp på eit nytt møte.

Sak 42/26: **Endring i soknestrukturen?**

Vedtak: AU har diskutert saka og ynskjer å gå suksessivt fram i denne prosessen. AU kjem med framlegg om fyrst prøva få folk til å vera med i ei nominasjonsnemnd og at denne prøver å få kandidater til ei valliste. Dersom det ikkje lukkast å finna nok kandidatar, vil soknerådet ta saka opp igjen til drøfting for å finna ein veg vidare.

Sak 43/26: **Nominasjonsnemnd til soknerådsval.**

Vedtak: Soknerådet set ned ei nominasjonsnemnd som skal jobba med å skaffe kandidatar til å stå på valliste haust 2027. Nemnda må gjera det den kan for å få folk frå heile soknet på vallista og dermed få ei geografisk spreiing på kandidatane

Sak 44/26: Offersøknader vår 2027.

Vedtak: Soknerådet har sett opp ei liste over organisasjoner som skal få takkoffer ifrå Strandebarm kyrkjelyd våren-27. Leiar kan fordela takkoffera utover halvåret, men må prioritera Kirkens Nødhjelp og det felles misjonsprosjektet på Madagaskar med flest offertildelingar.

Sak 45/26: Alterduk på lager i kyrkja.

Vedtak: Alterduken har sett sine beste dagar og er ikkje eigna til å bli brukt, anna enn samanbretta. Den kan få liggje på lager i skuffa på prestesakrestiet der den no ligg, til eventuelle påkommande tilfelle.

Sak 46/26: (Eventuelt.) Skal Strandebarm sokneråd gje ein del av overskotet frå jubileumshelga til misjonsprosjektet vårt på Madagaskar?

Vedtak: Me gjev ein tiendepart til prosjektet, det vil sei kr. 6.400,-.

Sak 47/26: Kvar skal me gjera av gåvene soknet fekk til kyrkjejubileet?

Vedtak: Soknerådet ynskjer at dei skal få pryda eine veggen på møterommet i kyrkjelydshuset.

Jorunn Lillefosse ref.